



Dato: 02.04.2014
Stad: Gamleskulen
Deltakarar: Kristian Bringedal, Jan Erik Olsson, Berit H. Døssland, Henrik Lyse, Alf Hjørnevig
Meldt forfall: Hans Ordin Østebø, Finn Guddal, Ragnvald Mykelbust
Referent: Kristian Bringedal

Møtereferat

Referat frå møte 05.03.14: Ingen merknader

20/2014 Referat frå redaksjonsgruppa sitt møte med IDrift

Gruppa held fram med sitt arbeid. Styresak når det føreligg eit framlegg til endring.

21/2014 17. mai konto

Syner til vedtak om at Uskedal utvikling kan administrera 17. mai konto.

Andreas Tarbeg hjelper til med overføring til konto 1503.39.82728.

For å sikra bruken, ynskjer styret eit møte med styringsgruppa i 17. mai komiteen.

22/2014 Økonomi

Rekneskapsfører synte kontooversikt og orienterte om korleis dei ulike kontoane kan brukast.

Total saldo pr. 02.04.2014: kr. 166.331,78 (DnB)

I tillegg kjem innbetalte medlemspengar på konto 3460.07.52350 (KS bank)

48 medlemmer har betalt medlemspengar til no.

23/2014 Ryddeaksjon i samarbeid med SIM

Leiar tek kontakt med skulen, elveeigarlaget og Korsneset Vel for å sikra at tidlegare praksis for rydding held fram.

Styret tek kontakt med SIM for evt. avtale om bruk av kontainar i sentrum (avgrensa tid m/ tilsyn)

Leiar spør nokre grunneigar om dei treng hjelp med rydding. Dette gjeld skrot og industriavfall langs riksvegen og i strandsona.

24/2014 Gamleskulen

Jan Erik orienterte:

Status, vidare arbeid og økonomi:

Inngangar og trapp: kr. 20.000,-

Kjellargolv m/ isolasjon og varme: kr. 50.000,-

Med Byggetilskot frå Kvinnherad kommunen er det midlar til at arbeidet kan halda fram.